



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Austefjorden  
**Dato:** 25.08.2016  
**Tid:** 15:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arild Iversen	Medlem	KRF
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP

Varamedlemer som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jan Henning Egset	Bjørn Ytrestøyl	AP
Einar Børtveit	Arild Iversen	KRF

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 92/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 93/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 94/16	<b>Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017</b>
PS 95/16	<b>Politisk organisering – Driftsstyret</b>
PS 96/16	<b>Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp.</b>
PS 97/16	<b>Nye oppgåver til større kommunar – høyring</b>
PS 98/16	<b>Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av mai 2016</b>
PS 99/16	<b>Grendautvala 2016</b>
PS 100/16	<b>Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - Godkjenning av selskapsavtale - justering av eigardel</b>
PS 103/16	<b>Skjenkeløyve 25.08.16-30.09.16 Georgios Mat Pasparakis, org.nr. 915 309 259</b>
PS 101/16 OS 32/16	<b>Orienteringssaker Kortverson av KOSTRA-analyse Volda kommune - skule, barnehage og pleie og omsorg - utarbeidd av KS konsulent</b>
OS 33/16	<b>Forvaltningsrevisjon spesialundervisning - oppfølging av vedtak i kommunestyret</b>
OS 34/16	<b>Sluttrapport, prosjektplan og presentasjon - Felles database Gerica - regionalt samarbeid og samhandling</b>
OS 35/16	<b>Lønspolitikk - prosess fram mot vedtak</b>
OS 36/16	<b>PPT - oppseiing av samarbeidsavtale med Ørsta kommune</b>
OS 37/16	<b>Hornindal kommune - Melding om vedtak - endra kommunestruktur</b>
OS 38/16	<b>Oversending av rapport frå tilsyn/etterkontroll av Volda mottak og Volda mottak, avdeling for einslege mindreårige</b>

OS 39/16            **Referat frå møte med Møre og Romsdal politidistrikt  
13.06.16**

PS 102/16           **Delegerte saker frå avdelingane**  
DS 111/16           **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 17/2**  
DS 112/16           **Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 118/2**  
DS 113/16           **Ferdigattest Gbr 131/23**  
DS 114/16           **Løyve til tiltak, garasjar Gbr 20/538/0/1-4**  
DS 115/16           **Igangsettingsløyve Gbr 19/877**  
DS 116/16           **Løyve til tiltak, støttemur Gbr 30/405**  
DS 117/16           **Ferdigattest, ståpipe Gbr 13/1/3**  
DS 118/16           **Ferdigattest, planering Gbr 131/2**  
DS 119/16           **Løyve til endring, utviding av balkong Gbr 11/107**  
DS 120/16           **Ferdigattest gbr 19/23**  
DS 121/16           **Løyve til tiltak, terrasse Gbr 89/23**  
DS 122/16           **Løyve til tiltak, veranda Gbr 20/128**  
DS 123/16           **Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 109/15**  
DS 124/16           **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 5/11**  
DS 125/16           **Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/203**  
DS 126/16           **Mellombels bruksløyve, seksjon 5-8 Gbr 13/6**  
DS 127/16           **Ferdigattest, mur og balkong Gbr 20/310**  
DS 128/16           **Ferdigattest, fasadeendring Gbr 19/871**  
DS 129/16           **Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 38/1**  
DS 130/16           **Mellombels bruksløyve, seksjon 1-4 Gbr 13/151**  
DS 131/16           **Løyve til tiltak, tilbygg/bod Gbr 21/93/0/2**  
DS 132/16           **Løyve til tiltak, naust ved Rotevatnet Gbr 27/1**  
DS 133/16           **Ferdigattest, tilbygg og garasje Gbr 17/197**  
DS 134/16           **Løyve til tiltak, tilbygg og garasje Gbr 19/903**  
DS 135/16           **Løyve til tiltak, bustad Gbr 6/4**  
DS 136/16           **Ferdigattest, tilbygg Gbr 21/130**  
DS 137/16           **Ferdigattest, levegg/støyskjerming Gbr 20/380**  
DS 138/16           **Løyve til tiltak Gbr 152/61**  
DS 139/16           **Løyve til tiltak, støttemur Gbr 11/105/0/2**  
DS 140/16           **Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 133/44**  
DS 141/16           **Ferdigattest, tilbygg Gbr 16/3**  
DS 142/16           **Ferdigattest, tilbygg,teknisk rom Gbr 32/2**  
DS 143/16           **Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/217**  
DS 144/16           **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 15/14**  
DS 145/16           **Løyve til tiltak, naust Gbr 79/11**

## **PS 92/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publiserte på heimesida den 17.08.16. Møtet vart annonsert i «Møre» den 18.08.16.

#### **Røysting:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

#### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om å sette følgjande sak på saklista:

- Skjenkeløyve 25.08.16-30.09.16 Georgios Mat Pasparakis, org.nr. 915 309 259.

Ordføraren opplyste om at han i slutten av møtet vil svare på grunngjeve spørsmål frå Øyvind Festø, MDG, og frå Henning Holsvik, KrF.

Erlend Krumsvik, KrF, minte om kommuneplanen sin intensjon om folkehelseperspektiv i all kommunal sakshandsaming. Rådmannen informerte om at administrasjonen arbeider med å få folkehelseperspektivet integrert i saksutgreiinga.

#### **Røysting:**

Saklista, med tillegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

#### **Dokument lagt ut på lesebretta den 24.08.16:**

- Vedlegg til PS 95/16: Politisk organisering — Driftsstyret
- PS 102/16 Skjenkeløyve 25.08.16-30.09.16 Georgios Mat Pasparakis, org.nr. 915 309 259

#### **Dokument utdelt på møtet:**

- Grunngjeve spørsmål frå Øyvind Festø, MDG, og svaret frå ordføraren vedk. gamle Austefjordvegen.
- Grunngjeve spørsmål frå Henning Holsvik, Volda KrF, vedk. militær og sivil beredskap.
- Vedlegg til sak PS 103/16, Skjenkeløyve 25.08.16-30.09.16 Georgios Mat Pasparakis, org.nr. 915 309 259.

## **PS 93/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Handsaming:**

**Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte, 28.06.2016, vart samrøystes godkjent.

## **PS 94/16 Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017**

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.
  - a. 6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.*
  - b. 2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringscenter.**
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*
- 4. Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 5. Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## Vedtak i Kommunestyret - 25.08.2016

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.*
  - a. 6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.*
  - b. 2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringscenter.*
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einkilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*
- 4. Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 5. Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.*

## PS 95/16 Politisk organisering - Driftsstyret

### Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*
  - a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*
  - b. Tenesteutval for barn og unge (TBU)*

*Utvala skal ha sju medlemmer med varamedlemmer*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

- 2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.*

## **Handsaming:**

Vedtak frå driftsstyret PS 36/16, vart ettersendt 24. august 2016.

Rebecca Riise Bjerknes, Sp, kom med slikt framlegg:

1. *Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*
  - a. *Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*
  - b. *Tenesteutval for barn og kultur (TOK)*

*Utvala skal ha sju medlemer pluss varamedlemer.*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

2. *Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.*

Odd Harald Sundal, Volda Sp, kom med framlegg til ny tekst i andre avsnitt i pkt. 1:

*Utvala skal ha ni medlemer med varamedlemer.*

Det vart halde gruppemøte.

Erlend Krumsvik kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

Røysting over utsettingsframlegget:

Utsettingsframlegget fekk seks røyster og fall, 21 røysta imot.

## **Prøverøysting:**

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Rebecca R. Bjerknes pkt. 1 a og b, vedk. namn på tenesteutvala i driftsstyret. Framlegget frå Rebecca R. Bjerknes fekk 27 røyster, medan framlegget frå formannskapet fekk 0 røyster.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Rebecca R. Bjerknes og Odd Harald Sundal, vedk. tal på medlemer i utvala i driftsstyret. Framlegget frå Rebecca R. Bjerknes fekk 16 røyster, framlegget frå Odd Harald Sundal fekk 11 røyster.

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Det vart røysta alternativt mellom forvaltningsutval og forvaltningsstyre. Forvaltningsutval fekk 22 røyster og forvaltningsstyret fekk 5 røyster.

## **Røysting:**

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Rebecca R. Bjerknes, pkt. 1 a og b, vedk. namn på tenesteutvala i driftsstyret. Framlegget frå Rebecca R. Bjerknes vart samrøystes vedteke.

Fjerde setning i framlegget frå Rebecca R. Bjerknes, vedk. tal på medlemmer vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt mellom forvaltningsutval og forvaltningsstyre. Forvaltningsutval fekk 26 røyster og vart vedteke, ein røysta imot.

Dei tre siste linene i framlegget frå Rebecca R. Bjerknes, vedk. tidspunkt for endring, og reglement og delegering, vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Kommunestyret - 25.08.2016:**

- 1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:**
  - a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)**
  - b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK)**

*Utvala skal ha sju medlemmer pluss varamedlemmer*

*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.*

*Endringa skjer frå 01.01.2017*

- 2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.**

## **PS 96/16 Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp.**

### **Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

*Volda kommune skal nytte anskaffingar (innkjøp) som strategisk verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling, forsvarleg utvikling av arbeidslivet og etablering av fleire lærlinge plassar.*

*Kommunen skal legge vedlagde "Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner" til grunn ved innkjøp over nasjonal terskelverdi. Formannskapet får mynde til å avvike krava der det er hensiktsmessig.*

*Kommunestyret vil og oppmode om at strategien vert lagt til grunn ved innkjøp kommunen er med på gjennom innkjøpssamarbeidet i Ålesund.*

## **Handsaming:**

Øyvind Festø, MDG, kom med slikt framlegg til to tilleggspunkt:

- *Kommunestyret ber administrasjonen legge fram forslag til konkrete strategiske grep der ein nyttar innkjøp som verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling. Dette bør sjåast i samanheng med komande handlingsplanperiode 2017-2020 for kommunen sin klimaplan.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen legge fram forslag til konkrete strategiske grep der ein nyttar innkjøp som verkemiddel for å medverke til fleire lærlingeplassar.*

Etter ein del drøfting, trekte Øyvind Festø pkt. 2 i framlegget sitt.

## **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Øyvind Festø (pkt. 1), fekk 14 røyster og vart vedteke. 13 røysta imot.

## **Vedtak i kommunestyret - 25.08.2016 :**

*Volda kommune skal nytte anskaffingar (innkjøp) som strategisk verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling, forsvarleg utvikling av arbeidslivet og etablering av fleire lærlingeplassar.*

*Kommunen skal legge vedlagde "Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner" til grunn ved innkjøp over nasjonal terskelverdi. Formannskapet får mynde til å avvike krava der det er hensiktsmessig.*

*Kommunestyret vil og oppmode om at strategien vert lagt til grunn ved innkjøp kommunen er med på gjennom innkjøpsamarbeidet i Ålesund.*

*Kommunestyret ber administrasjonen legge fram forslag til konkrete strategiske grep der ein nyttar innkjøp som verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling. Dette bør sjåast i samanheng med komande handlingsplanperiode 2017-2020 for kommunen sin klimaplan.*

## **PS 97/16 Nye oppgåver til større kommunar - høyring**

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret meiner at dei nye oppgåvene som er foreslått ikkje vil gi vesentleg effekt i form av auka lokaldemokrati og auka lokalt sjølvstyre.*

- 2. Basert på prinsippet om å halde fast ved generalistkommuneprinsippet, bør særleg spesialiserte oppgåver leggjast til det regionale nivået eller statlege institusjonar. Alternativt bør det kunne prøvast ut modellar der kommunar kan ha definert ansvar for delar av slike oppgåver når dei er lokalisert til kompetansmiljø i regionale eller statlege institusjonar.*
- 3. Kommunestyret vil be om at prosessen med overføring av nye oppgåver vert sett i lys av behovet for å styrke kommunane sitt økonomiske og juridiske handlingsrom for å utvikle lokalsamfunnet og skape grunnlag for utvikling av arbeidsplassar og busetting. Dette bør også sjåast i samanheng med utflytting/plassering av statlege arbeidsplassar ute i distriktskommunar.*
- 4. Kommunane bør i kraft av Grunnlovfesting av lokalt sjølvstyre få større råderett over primærtenestene slik at det er samsvar mellom mynde og ansvar for dei totale samanhengane mellom økonomi og kvalitet. Kommunestyret syner til konkrete dømme skissert i saksutgreiinga.*
- 5. Kommunestyret vil be om at det vert gjennomført ei evaluering og nærare vurdering av grensesnittet for ansvaret for oppgåver innanfor for rus og psykiatri mellom spesialist- og primærhelsetenesta.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 25.08.2016:**

- 1. Kommunestyret meiner at dei nye oppgåvene som er foreslått ikkje vil gi vesentleg effekt i form av auka lokaldemokrati og auka lokalt sjølvstyre.*
- 2. Basert på prinsippet om å halde fast ved generalistkommuneprinsippet, bør særleg spesialiserte oppgåver leggjast til det regionale nivået eller statlege institusjonar. Alternativt bør det kunne prøvast ut modellar der kommunar kan ha definert ansvar for delar av slike oppgåver når dei er lokalisert til kompetansmiljø i regionale eller statlege institusjonar.*
- 3. Kommunestyret vil be om at prosessen med overføring av nye oppgåver vert sett i lys av behovet for å styrke kommunane sitt økonomiske og juridiske handlingsrom for å utvikle lokalsamfunnet og skape grunnlag for utvikling av arbeidsplassar og busetting. Dette bør også sjåast i samanheng med utflytting/plassering av statlege arbeidsplassar ute i distriktskommunar.*
- 4. Kommunane bør i kraft av Grunnlovfesting av lokalt sjølvstyre få større råderett over primærtenestene slik at det er samsvar mellom mynde og ansvar for dei totale samanhengane mellom økonomi og kvalitet. Kommunestyret syner til konkrete dømme skissert i saksutgreiinga.*

5. *Kommunestyret vil be om at det vert gjennomført ei evaluering og nærare vurdering av grensesnittet for ansvaret for oppgåver innanfor for rus og psykiatri mellom spesialist- og primærhelsetenesta.*

## **PS 98/16 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av mai 2016**

**Tilråding i formannskapet - 21.06.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 25.08.2016:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

## **PS 99/16 Grendautvala 2016**

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

*Volda kommune godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2016.*

*Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.*

**Handsaming:**

Rebecca R. Bjerknes, Sp, kom med slikt framlegg til nytt punkt:

*Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.*

Anders Egil Straume, KrF, kom med slikt framlegg:

*Legge ned grendalaga i sentrum.*

**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Rebecca R. Bjerknes vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Anders Egil Straume fekk fem røyster og fall, 22 røysta mot.

**Vedtak i kommunestyret - 25.08.2016:**

*Volda kommune godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2016.*

*Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.*

*Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.*

**PS 100/16 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - Godkjenning av selskapsavtale - justering av eigardel**

**Tilråding i formannskapet - 16.08.2016 til kommunestyret:**

*Volda kommune godkjenner endring i eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (organisasjonsnr 982330459) i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.*

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

**§ 5 Innskotsplikt og eigardel**

Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

1502 Molde	6,156
1504 Ålesund	10,141
1505 Kristiansund	5,717
1511 Vanylven	1,483
1514 Sande	1,344
1515 Herøy	2,621
1516 Ulstein	2,513
1517 Hareid	1,868
1519 Volda	2,634
1520 Ørsta	2,960
1523 Ørskog	1,294

1524 Norddal	1,163
1525 Stranda	1,750
1526 Stordal	1,038
1528 Sykkylven	2,362
1529 Skodje	1,754
1531 Sula	2,617
1532 Giske	2,446
1534 Haram	2,666
1535 Vestnes	2,151
1539 Rauma	2,326
1543 Nettet	1,426
1545 Midsund	1,250
1546 Sandøy	1,087
1547 Aukra	1,535
1548 Fræna	2,769
1551 Eide	1,525
1554 Averøy	1,994
1557 Gjemnes	1,351
1560 Tingvoll	1,452
1563 Sunndal	2,260
1566 Surnadal	2,023
1567 Rindal	1,240
1571 Halså	1,143
1573 Smøla	1,261
1576 Aure	1,538
1500 Møre og Romsdal fylkeskommune	17,142
Sum	100,00

**Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.**

### **Handsaming**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 25.08.2016:**

*Volda kommune gokjenner endring i eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (organisasjonsnr 982330459) i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.*

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

#### **§ 5 Innskotsplikt og eigardel**

Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

1502 Molde	6,156
1504 Ålesund	10,141
1505 Kristiansund	5,717
1511 Vanylven	1,483
1514 Sande	1,344
1515 Herøy	2,621
1516 Ulstein	2,513
1517 Hareid	1,868
1519 Volda	2,634
1520 Ørsta	2,960
1523 Ørskog	1,294
1524 Norddal	1,163
1525 Stranda	1,750
1526 Stordal	1,038
1528 Sykkylven	2,362
1529 Skodje	1,754
1531 Sula	2,617
1532 Giske	2,446
1534 Haram	2,666
1535 Vestnes	2,151
1539 Rauma	2,326
1543 Nesset	1,426
1545 Midsund	1,250
1546 Sandøy	1,087
1547 Aukra	1,535
1548 Fræna	2,769
1551 Eide	1,525
1554 Averøy	1,994
1557 Gjemnes	1,351
1560 Tingvoll	1,452
1563 Sunndal	2,260
1566 Surnadal	2,023
1567 Rindal	1,240
1571 Halså	1,143
1573 Smøla	1,261
1576 Aure	1,538
1500 Møre og Romsdal	17,142

fylkeskommune	
Sum	100,00

**Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.**

## **PS 103/16 Skjenkeløyve 25.08.16-30.09.16 Georgios Mat Pasparakis, org.nr. 915 309 259**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Med heimel i alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:*

- *Tidsrom: Frå vedtaksdato til 30. september 2016*
- *Løyvehavar: Georgios Mat Pasparakis, org. nr.915 309 259*
- *Styrar: Georgios Pasparakis, f. 29.10.62*
- *Skjenkestad: Georgios Mat Pasparakis, Halkjelsgata 16, 6100 Volda*
- *Alkoholvare: Alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3*
- *Omfang/type: Alminneleg løyve*
- *Type verksemd: Restaurant*
- *Driftskonsept: Spiserrestaurant*

### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt den 24. august og delt ut, med vedlegg, i møtet.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 25.08.2016:**

*Med heimel i alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:*

- *Tidsrom: Frå vedtaksdato til 30. september 2016*
- *Løyvehavar: Georgios Mat Pasparakis, org. nr.915 309 259*
- *Styrar: Georgios Pasparakis, f. 29.10.62*
- *Skjenkestad: Georgios Mat Pasparakis, Halkjelsgata 16, 6100 Volda*
- *Alkoholvare: Alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3*
- *Omfang/type: Alminneleg løyve*
- *Type verksemd: Restaurant*
- *Driftskonsept: Spiserrestaurant*

## **PS 101/16 Orienteringssaker**

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

## **PS 102/16 Delegerte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

### Grunngjeve spørsmål

Ordføraren svara på grunngjeve spørsmål frå Øyvind Festø, MDG, vedk. gamle Austefjordvegen.

Ordføraren svara på grunngjeve spørsmål frå Henning Holsvik, Volda KrF, vedk. militær og sivil beredskap i samband med rullering av Forsvarets Langtidsplan.

Møtet slutt 18:25

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
26.08.2016

Sonja Håvik  
konsulent